

Jan Ove Teigstad
Brønndalen 63
5176 LODDEFJORD

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/9314 - 20/53008

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
28.08.2020

Løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustad- gbnr 352/58 Kårbø

Administrativt vedtak: **Saknr: 863/20**
Tiltakshavar: Jan Ove Teigstad
Ansvarleg søker: Jan Ove Teigstad
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av tilbygg til fritidsbustad og etablering av utsleppsanlegg på følgjande vilkår:

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 17.02.20, mottatt 13.08.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horizontalplanet.**
3. **Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i sak/vedtak 20/9317 av 23.06.20 og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. **Godkjent ferdigmelding på etablering av utsleppsanlegg frå røyrlleggjar.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg til fritidsbustad med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 49,1 m² og bygd areal (BYA) ca. 54 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 3,81% BYA. Tiltaket skal nytte takvatn og det skal etablerast utsleppsanlegg i samsvar med utslepssak 20/9317.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid samt opparbeiding av utsleppsanlegg, godkjent i sak 20/9317. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.05.20 og supplert 26.08.20.



Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Manglande dokumentasjon vart etterspurt ved brev av 15.05.20.

Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søker –sjølvbyggjar 26.08.20. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som fritidsbustadføremål.



Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 17.02.20 mottatt 13.08.20.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 8 meter. Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Vatn og avløp (VA)

Egedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup.

Tiltaket skal nytta takvatn og privat avlaup.

Det er søkt om løyve til tilknyting til kommunalt vatn i sak nr. 20/12589. Men tiltaket vart ikkje gjennomført pga. manglande tinglysing i avtale.

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i sak/vedtak 20/9317 datert 23.06.20.
Utsleppsløyve gjeld gråvassutslepp via slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare til infiltrasjonsgrøft.

Svartvatn vert reinsa i Jets Biotank før utsleppet vert ført vidare til infiltrasjonsgrøft.

Tilkomst, avkørsle og parkering

Egedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

Ansvarsrettar

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringer, gjennomføringsplanen, journalført motteke 26.08.20.

Tiltakshavar har erklært ansvarsrett som sjølvbyggjar etter PBL §20-3 , SAK § 6-8 for oppføring av tilbygg for eigen fritidsbustad.

Kommunen kan godkjenne person for ansvarsrett som sjølvbyggjar av eigen bustad eller fritidsbustad, dersom personen sannsynliggjør at arbeidet vert utført i samsvar med føresegnar gitt i eller med heimmel i plan- og bygningslova.

Kommune godkjenner tiltakshavar som sjølvbyggjar i denne saka.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan.

VURDERING:

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommune vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæsst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har saerskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må hove til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 20/9314

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Revidert gjennomføringsplan - GBNR / Kårbo
Teikningar
Situasjonskart

Mottakarar:

Jan Ove Teigstad

Brønndalen 63 5176

LODDEFJORD